



Frå skjeringa i Bergokulten. Heile sluskelaget med oppsynsmann Nonås m/stav heilt til venstre.
Utlånt av Åse Eikemo Strømme.

VEGARBEID OPPOM BERGOFOSSEN I EKSINGEDALEN

Nils N. Nesheim f. 1923 fortel her om minne han har frå anleggstida og anleggsfolka som budde i heimen hans på Nesheim i tidsrommet 1927 – 1934.

Arbeidet føregjekk frå Bergofossen og innover mot Nesheim i tidsrommet 1927 – 1931 og vidare til Brakestad 1934. Anleggstida var frå rundt jonsok til ut i oktober, eller til snøen kom. Dei arbeidde på såkalla akkordar. Om vintrane var arbeidslaget på vegen langs med fjorden frå Straume - Stamnes til Eidsland. I 1931 var vegen ferdig til Nesheim, og i 1934 var den komen til Brakestad. Det var 2 arbeidslag på dagtid, som fordelte seg på 10 – 12 menn.

Arbeidslaget låg på lemmane hjå oss. Der låg dei to og to i kvar seng, og det var vel ikkje til å unngå at det kunne verta krangling og knuffing i mellom dei. Sjølv måtte folka i huset fordela seg rundt om på ymse stader. Det faste var at foreldra våre låg i eit kammers attmed stova. Me andre fordelte oss i Brita-stova, der også

tanta vår og feriefolk budde om sommaren. Ja, det hende også at me måtte liggja på eit klekott oppe på lemmen. Det var sommar og alt let seg ordna. Anleggfolka betalte for leige av husromma. Med helgane, eller i fritida, drog karane til fjells eller på stølstur, eller dei som nådde det drog heim til sine.

Dei var heller ikkje alltid edru når dei etter å hatt seg ein bytur kom vandrande attende til anlegget og Nesheim. Men det kunne henda det også. Det går eit herme etter ho Elisabeth Bindingbø, då ho ein dag møtte veglaget på veg attende til arbeid: "Kjem de edru? Har de ikkje brennevin i år? Eg ser de er mykje betre i balansen i år." Dei fleste av dei hadde skaffa seg sluskehatt. Vegen var komen gjennom Bergokulten, og vidare rodde dei Nesheimsvatnet innover mot Nesheim.

Det vart mykje vakse "karaprat og kortspel" i fritida til arbeidslaget. Eg var 6 år yngre enn dei andre syskena mine, og presten hadde i samtale med far min ymta frampå om at han trudde ikkje eg hadde godt av å vera tilskodar til dette selskapet. Eg var kompis med presten, som budde fast på arka vår når han var i teneste ved Nesheim kyrkje. Heime hadde me eit husorgel, og når det var preikesundag kan eg minnast at anleggskarane var med og transporterte dette bort i kyrkja. Sidan var dei med på preika.

Det var kokkelag, og kokinga gjekk føre seg på kjøkkenet vårt. Sjølv måtte me koka og stella maten vår i kjellaren.

Første minnet eg har av vegbygginga skjedde då eg var 4 år i 1927. Ein morgon kom eg ned på kjøkkenet vårt, og der stod ei framand kvinne og laga mat. Det var ho Ragnhild Flatekval, seinare gift Nesheim, som skulle vera kokke for anleggsfolka denne sommaren.

Seinare var syster mi Anna kokke. Såkalla provianteringsminister var Arne Nese, som i 1933 vart gift med Anna, og seinare busett på Brakestad.

Kvar veke kom det ein stor kasse med brød frå bakaren på Stamnes med båten til Eidsland og vidare transport oppover dalen. Til pålegg var det sukker, sirup og ost. Mjølke og poteter vart kjøpt på garden. Til middagsmat var det klippfisk den eine dagen, der restane vart til plukkfisk dagen etter. Elles gjekk det i spikesild, og elles fisk frå elva. Det siste var meir tilfeldig, alt etter om det var flaum og fisken beit godt. For å gje ferskt kjøtt til middagen vart det slakta kalvar. Elles gjekk det mykje på graut og mjølk. Vatnet måtte berast frå Horndalselva. Maten åt dei i Vetlestova vår.

1931 hadde Johan Flatekval skaffa seg lastebil, som vart brukt til køyring av sand og gruskøyring til vegen. Eg fekk heile dagane sitja på med han i førarhuset. Det kunne verta lang ventetid mellom kvart lass, for karane handspadde sanden og grusen opp i lastekarmen. Men som gutunge tykte eg det var stor stas å få vera med på dette.

Det kunne til sine tider gå livleg for seg i tunet. Ein kveld og natt minnest eg det vart mykje spetakkel. Eit par karar hadde vore nedover dalen, og var på veg heimatt til Nesheim. Det hadde vorte vel mykje øldrikking utover kvelden, og då dei skulle til å ro ovanfor Bergofossen, gjekk det ikkje betre til enn at dei miste årane. Dei klarde å karra seg bort under Svedna og klauv og klorde seg opp på land. Det

var både høgt og vanskeleg, og den eine av dei var vel overstadig rusa. Den andre såg seg ikkje anna råd enn att han måtte henta folk for å få han vidare med seg innover myrane mot Nesheim. For å sikra at han låg roleg til han kom att med hjelp, la han nokre lekter rundt han og la steinheller over han. Då han seinare kom att med hjelp, fann dei ikkje att mannen. Han hadde kome seg laus frå steinhellene, og etter mykje leiting fann dei han att nede ved båten. Det enda bra til slutt, og karane kom velberga heim att til sengene på lemnen.

På anlegget var det to smedar. Den eine kom ut i frå Manger. Namnet hans var Ludvik Sæbbø. Så var det Nils N. Bogetvedt, som seinare var gift med Torbjørg Bindingbø.

Eg minnest også at det var syningar, eller oppsynsmenn. Den eine var Rasmus Nonås frå Osterøy. Vidare var det far og son frå Manger. Sonen heitte Ivar Solheim, som vart gift med Inga Stamnes.

Eg minnest dette eg no har fortalt som ei livlig tid i barndommen min der heime i tunet på Nesheim.

Tekst: Åse Eikemo Strømme